Styret i Utdanningsforbundet Kinn har fått inn ei sak frå Flora ungdomsskule til behandling i årsmøtet. Saka følgjer under, inkludert styret sitt framlegg til vedtak.

For å rekruttere og behalde nyutdanna lærarar er det viktig å få på plass mentorordning, rettleiing for alle nyutdanna lærarar som vert tilsette i Kinn kommune. Det er ulikt frå skule til skule om og korleis denne ordninga vert praktisert. Vi ynskjer at UDF lokalt, skal jobbe for at alle skulane/barnehagane i kommunen skal ha ein mentor og at det ikkje skal vere opp til kvar enkelt skule/barnehage om ein skal ha det eller ikkje.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Utdanningsforbundet Kinn skal arbeide for ei felles og god mentorordning i skule og barnehage.